

- Meir hjort enn det bør vera

25.06.2008



Haugland-laget gjorde det godt under jakta i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hjortestamma i Kvinnherad har mange små og lette dyr og utviklinga av vektene på åringsdyr viser at det er meir hjort enn det bør vera, skriv viltforvaltar Leiv Trygve Varanes i ein årsrapport

Det er stor skilnad mellom områda når det gjeld slaktevektar på åringsbukkar og Uskedalen låg sist haust på

åttandeplassen av 10. etter ein nedgang på 1,1 kilo frå året før.
Matre toppa med 51,6 kilo foran Ølve med 51,1 medan Uskedalen enda på 44,9.
I 1996 var snittvekta på åringsbukkar 52 kilo i kommunen men no er den fem kilo lettare.

Det vart siste året skote meir hjort i Kvinnherad enn nokon gong før. 981 felte dyr var 108 fleire enn den tidlegare rekorden og kommunen er framleis den største hjortekommunen i landet rekna etter talet på felte dyr.

Fordelinga viser at det vart felt 48,3 hodyr og 51,7 prosent hanndyr,. Fordelinga bør jamnast enda meir mot 50/50. Vektene på dei fleste dyregruppene viser ein tydeleg negativ utvikling, Eldre koller har til dømes no ei snittvekt på 55 kilo og det er tre kilo under vektene i 1999 og 2000.
I eindel områder har ikkje bukkene fått lov til å bli skikkeleg vaksne, det er svært få hanndyr over tre år. Likevel er det råd å sjå ei positiv utvikling.
På vald nummer 79 Rød vart det skote ein titaggar som hadde ei slaktevekt på 78 kilo.

Det er no lagt opp til endring av minstearealgrensene for å gje rom for noko auke i talet på fellingsllyver for deler av kommunen, For Ølve og Hatlestrand blir minstearealet også framover 400 dekar, medan det blir redusert frå 600 til 500 for resten av kommunen.
Fellingsavgiftene blir også endra. For å stimulera til fortgang i arbeidet med bestandsplanar vil jaktvald som har laga sin eigen bestandsplan få redusert avgift til 260 kroner for kvart vaksne dyr og 160 kroner for kalv.
Alle som ikkje har bestandsplan må betala 330 og 200 kroner.

Av Ola Matti Mathisen